# Bokn Bygdablad

Nr. 6 august 2014 – Årg. 29




Mosjonsdag – s. 20



Leiarskifte – s. 5



Skapar debatt – s. 11



Til topps – s. 23

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding!*

**Fleirbruksshall**

I bortimot ein mannsalder har boknarane frå tid til annan diskutert eit hallprosjekt. Etter kvart kom det på mote med såkalla fleirbrukshallar: Utsira bygde kombinert symje- og idrettshall på nittitalet, Finnøy fleirbrukshall på Judaberg blei tatt i bruk i mars 2003, mens Rennesøy og Kvitsøy opna sine fleirbrukshallar i 2009 og 2010.

Difor var det naturleg at ein i 2008 starta planlegginga av ein fleirbrukshall også i bygda vår. Ei arbeidsgruppe jobba med saka og gjennomførte synfaringar på anlegg kring i fylket. Og som det mest alltid er i slike saker, var det delte meiningar om plasseringa. I tråd med tidlegare vedtak om at slike sentrumsfunksjonar skulle leggjast til Føresvik, munna denne diskusjonen ut i eit kommunestyrevedtak vinteren 2012 om at hallen skulle liggja i Føresvik og nærare bestemt i området ved den såkalla Trisnippen.

Etter vedtaket sette kommunen ned eit utval som skulle fylgja opp saka. Det slo raskt fast at ein var tent med at hallen låg så nær skulen som råd sidan elevane ville bli dei viktigaste brukarane av han. I tillegg skal fleirbrukshallen løyse av dagens gymnastikksal som møteplass for bygda ved dei store anledningane og som kultur - og idrettsarena. Ein ser det og som ein fordel å bygga fleirbrukshallen saman med dagens idrettshus. Ein vil då få ein god sambruk, både med tanke på garderobar, møtelokale, kjøkken, parkering og i forhold til fotballbana.




***Situasjonsplan for skisseutkast for fleirbrukshall i Bokn - <u>ikkje vedtatt</u>, er under bearbeiding av arkitekt (red. anm.).***

Planutvalet har hatt regelmessige møte, og i vår var administrasjonen og saumfor fleirbrukshallen på Kvitsøy. I tillegg er det gjennomført møte med grunneigarane og informasjonsmøte med lag- og organisasjonar i bygda. Konsulentselskapet Omega har ansvaret for reguleringsplanarbeidet, mens arkitektfirmaet Tveit teiknar ut sjølve hallen og romprogrammet.

Prosjektet er nå på reguleringsplannivå, og blir sett opp mot sentrumsplanen for Føresvik og utviding av Føresvikvegen. Framlegg til reguleringsplan blei lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn (seks veker) av forvaltningsstyret i møte den 26. juni. For å kome i posisjon til å få tippemidlar, som er avgjerdande for prosjektet, vedtok kommunestyret den 17. juni kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

I løpet av seinsommaren har diskusjonen gått livleg om kva som vil skje med bygningane i området. Når det gjeld bygningen sør for idrettshuset, som i dag blir brukt som fritidsbustad, er det ikkje teke noko avgjerd. Men i forhold til reguleringsplanen ligg bygningen i vegen, og flytting er ei av løysingane som vil bli vurdert. Sannsynlegvis er dette også den mest aktuelle løysinga.

For ein liten kommune som Bokn er slike prosjekt svært ressurs- og tidkrevjande. Kvitsøy kommune brukte såleis ti år frå vedtak om bygging blei gjort til bygget blei opna seinsommaren 2010. Engasjement og debatt rundt plassering er bra, men når vedtak er gjort er det viktig for framdrifta å legga motsetningane vekk og sjå framover. Omkamp i slike saker fører oftast til fleire års utsetjing sidan eit eventuelt nytt område skal

arbeidast inn i kommuneplan og seinare reguleringsplan. Ein må då gå dei tidkrevjande rundane med regionale styresmakter for å få godtatt dei nye forslaga. I verste fall kan prosessen stoppe heilt opp slik at det ikkje blir nokon fleirbrukshall.

Det er ingen andre enn boknarane sjølv som kan kjøre ein slik prosess til ende. Initiativet og gjennomføringa må skje av og ved dei, slik ein tilsvarande har fått det til i andre bygder. Nå er prosjektet på oppløpssida og me har aldri vore nærmare realiseringa av det som kan bli den nye storstova for alle boknarane. Dagens gymnastikksal er over 40 år og ber preg av tidas tann og kanskje også andre tenner. Tida er inne for å ta eit nytt løft for bygda. For boknarar i alle aldrar vil ein slik fleirbrukshall bli ein stor ressurs. Det gjeld anten det dreier seg om idrett- og kultur og fremjing av fysisk aktivitet eller som viktig møteplass for generasjonar av boknarar framover. La oss difor samla kreftene og den positive energien kring eit godt og viktig prosjekt for fellesskapet!

*Ordføraren*

## Forvaltningsstyremøte 13. mai og 26. juni

**Forvaltningsstyremøte 13.05.2014, sak 009/14**

**GNR 11 BNR 278 - Berge Sag og Trelast AS- Søknad om tillatelse - 3 leiligheter i rekke**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** mot 2 røyster frå Ap blei vedtaket som fylgjande:

1. I medhold av § 19 -2 i plan- og bygningsloven, dispenserer Bokn kommune frå gjeldende kommuneplan med tilhørende bestemmelser, for oppføring av 3 leiligheter i rekke som det er søkt om.
2. Med forbehold om at det ikke blir klage på dispensasjonsvetaket innen klagefrist blir søknad om oppføring av rekkehusene m/carport godkjent med hjemmel i § 20 -1 i plan- og bygningsloven i samsvar med søknad.
3. Endelig høydeplassering av rekkehus skal godkjennes av Bokn kommune.
4. Ved behov skal det settes opp gjerder i henhold til gitte krav før leiligheter tas i bruk.
5. Tiltaket blir plassert i tiltaksklasse 1 med unntak av rørlegger og ventilasjonsarbeid som blir plassert i tiltaksklasse 2.
6. Før bygget tas i bruk skal det anmodes om ferdigattest. I forbindelse med ferdigattest skal det sendes inn oppmålingsdata for veg, VA- ledninger og endelig plassering av bygg. Oppmålingsdata skal leveres på SOSI format 4.0.
7. Dersom en starter med arbeid på tomta før klagefrist utløper, gjøres dette på egen risiko.
8. Sti frem til lekeplass skal være ferdig opparbeid før det det blir gitt ferdigattest.

**Forvaltningsstyremøte 13.05.2014, sak 010/14**

**Meldingssaker til forvaltningsstyremøte 13.05.2014**

Forvaltningsstyret tok meldingssakene til orientering.

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 012/14**

**Reguleringsplan for Føresvik Sør - 1. gongs handsaming**

**Forvaltningsstyret vedtok mot to røyster, ei frå SP og ei frå KRF fylgjande:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør med kart dagsett 12.06.2014 og føresegner dagsett 12.06.2014

sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 013/14**

**Gnr. 11 bnr. 181 - Lars Egil Ognøy - naust og utgraving av båtstø - dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel for bygging av naust og utgraving av båtstø på gnr. 11 bnr. 181 slik som omsøkt.
   Det er lagt vekt på at området i all hovudsak er utbygt, at det frå før er ført opp eit naust på tomta og at tiltaka ikkje råkar dei klausulerte areala i hamna.

   Det er og lagt vekt på at fylkesmannen i Rogaland ikkje har vesentlege merknader til søknaden. Forvaltningsstyret vurderer det derfor slik at ein dispensasjon ikkje set vesentleg til sides dei omsyn

kommuneplanen er meint å ta vare på, og at føremona ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 014/14**

**Gnr. 1 bnr. 1 - Erik Eikje - frådeling av gardstun - klage på dispensasjonsvedtak - ny handsaming**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av ein parsell på 4 dekar kring tunet på gnr. 1 bnr. 1 slik som det går fram av den lokale landbruksfaglege rådgjevinga i brev dagsett 20.08.2013.
   Det er lagt avgjerande vekt på den lokale landbruksfaglege tilrådinga og at frådelinga har grunnlag i eit generasjonsskifte.

   Etter forvaltningsstyret sitt syn, vil ei frådeling ikkje føre til at omsynet som ligg bak bestemmelsane det vert dispensert frå vert sett vesentleg til sides, og føremona ved å gje dispensasjon vert vurdert som klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering, jfr. saksførebuinga.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg frådeling godkjennast administrativt på delegert fullmakt.

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 015/14**

**Reguleringsplan for turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken - justert planframlegg etter utlegging til offentleg ettersyn**

**Forvaltningsstyret vedtok: .** Rådmannen sitt framlegg fall. 3 stemte for og 4 mot. Dei fire mot var 1 frå KRF, 1 frå SP og 2 frå H.

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 016/14**

**Reguleringsplan for bustadbygg i Alvestadkroken, gnr. 11 bnr. 171 -1.gongs handsaming.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak med 1 røyst mot frå H:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til reguleringsplan for bustadbygging på gnr. 11 bnr. 171 i Alvestadkroken, med kart dagsett 19.05.2014 og føresegner dagsett 19.05.2014 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 017/14**

**Reguleringsarbeid Føresvik Marina - prinsippvurdering**

**Forvaltningsstyret vedtok å settje ut saka til neste møte.**

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 018/14**

**Søknad om godkjenning av vald/endring av vald, Hognaland i Bokn kommune.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

I med hald av delegert mynde godkjenner teknisk sjef det nye valdet Hognaland. Valdet består av 8 eigedomar som strekker seg frå Are i sør til Dagsland i nord. Det godkjennes eit telljande areal på 4768 dekar. Det gir valdet rett på 5 hjorteløyve og 9 rådyrløyve. jf. saksutgreiinga ovafor.

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 019/14**

**Tildeling av hjorteløyver for 2014.**

**Forvaltningsstyret vedtok:** Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §21 godkjenner forvaltningsstyret (viltnemnda) tildeling av kvoter for hjort og rådyr slik det fram går av tabell i saksutreiinga.

Fellingsavgiften skal være kr.379,- for vaksne dyr (1,5 år og eldre) og kr. 230,- for kalv. Dette er beløp som myndighetene fastsetter hvert år.

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 020/14**

**Møteplan for forvaltningsstyret 2014.**

**Forvaltningsstyret vedtok:** å utsettje saka til neste møte.

---

**Forvaltningsstyremøte 26.06.2014, sak 021/14**

**Meldingssaker til forvaltningsstyret 26.06.2014**

Forvaltningsstyret tok meldingssakene til orientering.



# Leiarskifte

Jardar Havikbotn

**Coop Marked Bokn har fått ny butikksjef.**

Randi Marie Berg frå Sandeid, busett i Bokn, er tilsett som butikksjef frå 1. august, dvs. ho er butikksjef-aspirant fram til 31. mai neste år. I denne perioden vil butikksjef ved Coop-butikken i Skjoldastraumen, Ronny Strøm Stange (38) vera mentoren hennar. Han er i Bokn eit par dagar i veka for å hjelpa Randi med opplæringa.

22-åringen seier ho alltid har interessert seg for sal og service, og har nå begynt på andre året som lærling i akkurat det faget. Første året av lærlingetida var ho på Coop Obs! i Haugesund.

- I og med at eg er lærling trudde eg det var liten sjans til å få denne jobben, men eg er glad for at Coop hadde ei løysing på det, seier ho.

Mentorordninga er ei prøveordning i matvarekjeden. Begge meinar dette vil fungera bra. Randi vil vera 100% på butikken i Føresvik, Ronny 40%. Han er ikkje overraska over at Randi fekk jobben, trass mange søkarar og at ho er i læretid.

- Eg har høyrt om gode attestar, både frå Obs! i Haugesund og tidlegare butikksjef her på Bokn, slår han fast.

## God hjelp

Randi har dessutan fleire års erfaring frå *Bunnpris* i Trondheim og *Spar* i Etne. Ho begynte som frisør, men måtte slutta pga. allergi. Minst erfaring har ho med administrativt arbeid. Der er det godt å ha med seg ein rutinert kar frå Skjoldastraumen.



*FORNØGDE BUTIKKSJEFAR: Randi Marie Berg og Ronny Strøm Stange.*

Ho er også glad for å ha gode og rutinerte medarbeidarar med på laget.

- Solide folk som kan jobben sin, seier ei som håpar folk vil sjå på noko nytt på den positive måten, og at ikkje savnet etter Tor Harald blir for stort.

Dei ynskjer tidlegare butikksjef, Tor Harald Alvestad, lukke til med dei nye utfordringane sine som butikksjef ved Meny på Gardsenteret i Haugesund.

## Tøft

Å driva nærbutikk på bygda er tøft. I følge butikksjefen i Skjoldastraumen slit alle kjedene her.

Opninga av Karmøytunellen i september i fjor, med korte avstandar til handel både på Karmøy og i Haugesund, var ikkje akkurat ein fordel for handelslekkasje frå Bokn.

- Folk er veldig «på hjul» i dag, 30 min. i bil er ingenting, seier Ronny, som også forstår at folk handlar på større stader av og til.

- Me har ikkje heile breidda, det kan me heller ikkje ha på 250 m2.

## Bygga vidare

Randi og Ronny er samde om å styrka og bygga vidare på det som er på Bokn, saman med gode og rutinerte medarbeidarar. Dei vil imøtekoma kundane og ha varene ein ynskjer. Det siste er ei utfordring, då butikken er bunden opp til eit fast varesortiment av Coop-kjeden, sjølv om ein nå kan bestilla inn litt meir breidde av det du ser at kundane ynskjer. Her står ein nå friare enn for nokre år tilbake.

- Eg vil høyra på kundane og håpar dei har tips til varer som det vil gå mykje av, skyt Randi inn.

Eit døme på bunde varesortiment er kaffi. Ronny fortel at Coop har sitt eige kaffibrenneri, og leiinga i Coop har bestemt at det nå berre skal seljast Coop-kaffi i Coop sine butikkar.

Han har fått ei kjensle av at Coop Marked Bokn har ein del lojale kundar – at boknarane støttar opp

om butikken i Føresvik, som står for liv og røre, og er ein møteplass.

**Sommarmarknaden**

Sjølv om marknadsdagen ikkje er direkte knytta opp mot butikkdrifta, står handelslaget heilt klart i sentrum for sommarens største organiserte hending. Dagen blir forbunde med den tidlegare butikksjefen, og det er ikkje så rart sidan Tor Harald har arrangert denne dagen dei siste sju åra - i heile perioden han var tilsett ved butikken på kaien.

- Sommarmarknaden er ein god dag for butikken og bygda. Eg har det i tankane, seier lærlingen og butikksjefaspiranten, som går mot ein svært travel vår neste år. Og det er på den årstida marknadsdagen blir organisert.

- Butikken er sjølvsagt positiv til marknadsdagen, men eg kan ikkje lova noko - tida vil visa det når det nærmar seg, fortel Randi.

Ja, me kan ikkje kasta Randi ut i dette nå, skyt mentoren inn.

**Fleire må ta tak**

Tor Harald begynte i den nye jobben på Meny 11. august, og fortel på tlf. at han vil bidra til at det også blir sommarmarknad neste år, men understreker at andre må tak i organiseringa av arrangementet, som i følge han samlar rundt 1.500 personar, og det blir berre fleire og fleire folk med åra. 35-åringen innrømmer at han vil sakna butikken på Bokn og at valet om å forlata jobben ikkje var lett. Han treivst svært godt der, saman med kjekke og dyktige medarbeidarar. Utbygginga av båthamna og endringane i butikklokala er dei tinga han vil hugsa best frå tida ved Coop Marked Bokn.



*Tor Harald Alvestad på Bokn handelslag i mai 2007.*

*Foto: Kjetil Hamre*

- Det var ein artig prosess då me endevendte butikken, då ting stod *på håve* og kundane handla blant takmaling og fliselegging, seier ein som trur Coop'en i Vigjå har gode framtidsutsikter, ikkje minst pga. at han er med i ein god matvarekjede. Men:

- Viss folk vil ha butikk på Bokn, må dei bruka butikken på Bokn. Utan butikken dør bygda, blir det sagt.

- Men ein må følga med og vera med i utviklinga, avsluttar ein travel butikksjef ved Meny Gard i Haugesund.

**Bokn bygdablad ynskjer alle butikksjefane lukke til med vidare arbeid.**

**Kjekt med noko nytt! Som Bokn Bygdablad skreiv i førre utgåve var det nye leikeapparat på veg til aussida av skulen. Første skuledag 13. august stod dei klare, og har vore svært populære frå dag ein!**










SERIE AV BIRGER LINDANGER

# Kroken på døra - tid for å minnast

**Sparebank på sildebein**

Banktanken overlevde likevel, bygda hadde stadig behov for kapital. Då dei økonomiske tilhøva betra seg i åra etter 1900, blei det aukande krav om at også Bokn måtte skaffa seg bank. Men minstekravet for eit bankfond låg på kr. 2000 eller som drygt 100.000 kroner i 2014. Dette viste det seg vanskeleg å skrapa saman og mange meinte at Bokn generelt var ei for lita bygd til å få sin eigen bank.

Frå 1908 fekk boknarane fire framifrå gode sildaår på rad. Med det var pengane der, og etter vintersildfisket i 1912 var tida inne. Veka før jul same året var saka oppe i kommunestyret. Privat hadde det fleire gonger vore oppe at bygda trong sin eigen bank, heitte det. Av ulike grunnar hadde tiltaka stranda, men nå var tida inne til å gjera alvor av prosjektet, meinte ordføraren. Og så sette kommunestyret ned eit bankutval med lærarane Guttorm Trahaug og Severin Lygre, fiskarbøndene Matias Are og Bernhard Våge og handelsmennene Peder Alvestad og Sigvald Loten og med den gamleordføraren Jakob Torland som formann. Formålet var å oppretta ein sparebank.

Nemnda delte bygda inn i krinsar mellom seg og tok fatt på arbeidet med å få teikna partar til grunnfond for banken. I løpet av eit par månadar var det teikna 92 partar på kvar 25 kroner. Med til saman kr. 2300 var fondet på plass. Mest kvar bonde og fiskar var då melde inn som parthavarar.

**Bokn får bank**

Den 23.mars 1913 blei det kalla inn til skipingsmøte på Ungdomshuset der alle parteigarane blei inviterte. Nemnda vedtok då ein plan for banken og kommunen gav ein garanti på 2.000 kroner for ein ti års periode. Offisielt blei banken godkjend ved kongeleg resolusjon 28.juni 1913. Som fyrste styreleiar i banken blei vald Jakob Torland og med Guttorm Trahaug som varamann. Her fekk også 20-åringen Elisæus Vatnaland sitt fyrste offentlege verv, han blei vald som varaformann til forstandarskapet.



*Bokn Sparebank, 1955*

Som den fyrste kasseraren blei Lars Sæbø tilsett og det fyrste banklokalet blei heime hjå han. Eit par år etter flytta banken til huset til Peder Alvestad i Krogjen. I 1923 leigde banken lokale hjå Peder Ellingsen i Føresvik, fyrst i stovehøgda og sidan i kjellaren. Men i kjellaren viste det seg å vera rått og ueigna. Sidan fekk banken rom i Ungdomshuset på Håland før han i desember 1945 starta planlegginga av eit eige bankbygg som også skulle romma kommunale kontor.

**Banken får bygg**

I mai året etter sette banken og kommunen ned ei felles byggjenemnd som så kjøpte grunn av Ingeborg Larsen i Føresvik. Ei tid var det på tale å kjøpa det gamle skulehuset på Torland for å byggja det om til bankbygg.

Men det gjekk tregt med å setja planane ut i livet, mellom anna fordi ein våren 1953 blei nekta byggjeløyve. Kravet var at ein laut byggja slik at det også blei bustadrom. Planane blei reviderte i samsvar med dette, og 1. august 1953 kunne styret endeleg gjera vedtak om å starta arbeida. Hausten 1954 kunne det så takast i bruk.

Det var ikkje småtteri bygget skulle romma: Fyrst sjølvsagt rom for banken, kommunale kontor og møterom, trygdekassa og banken skulle få tilhald her attåt doktor, lensmann og

heradsagronom. Resultatet var at huset alt frå starten var sprengt frå kjellar til loft.

**Straumfritt og gjeldfritt**

Koss gjekk det så med drifta av banken? Året etter skipingsåret braut den fyrste verdskrigen ut med godt fiske, gode prisar, gode konjunkturar og mykje pengar blant folk. Frå 1914 til 1921 auka då forvaltingskapitalen frå drygt 37.000 til snautt 485.000 kroner. Denne siste summen svar til om lag 14 millionar kroner i dag. Då braut krisa ut og forvaltingskapitalen blei sidan liggjande på dette nivået heilt fram til utgangen av den andre verdskrigen.

Krisa sparka bein under mange bankar i distriktet, men Bokn Sparebank var solid, mellom anna fordi banken hadde plassert kapitalen sin i andre solide bankar. Dei største tapa leid banken gjennom lån til to karmøykommunar i samband med elektrisitetsutbygginga. Desse kommunane greidde seg ikkje økonomisk og Bokn Sparebank tapte låna sine.

Eigentleg er me då tilbake til korfor Bokn greidde seg så godt gjennom krisa medan nabokommunar blei tekne under administrasjon. Alle karmøykommunane var hardt gjeldstynga og 90% var gjeld i samband med elektrisitetsutbygginga. Sist på 1920-talet hadde Åkra ei gjeld på 1.164.000 kroner. Av dette var 1.106.000 elektrisitetsgjeld. Det svara til 350 kroner – tilsvarande 10.000 kroner – på kvar og ein åkrabu!

Ei tilsvarande gjeld hadde Skudenes herad medan Avaldsnes, Stangaland og Torvastad låg bare litt lågare. Tilsvarande gjeldsnivå finn me også i ein del jærkommunar der dei dreiv elektrisitetsutbygging i dyrtida. Slik blei dei hardt straffa, og det i ei tid med krise og lite arbeid og med ein skattøyre som låg opp mot det doble av gjeldsfrie Bokn! Difor var det her få konkursar og ein solid bank der ein ikkje tapte innskota sine. Boknarane var alltid forsiktige, men i mellomkrigstida hadde nok bygda også lukka med seg.

## Formannskapsmøte 10. juni

**Formannskapsmøte 10.06.2014, sak 038/14**

**Orientering - samarbeid om utredning av øyeblikkelig hjelp døgnopphold mellom Bokn/Tysvær/Sveio Kommunar**

Formannskapet tok informasjonen frå seksjon helse til orientering.

---

**Formannskapsmøte 10.06.2014, sak 043/14**

**Utskifting av brannbil i Bokn kommune.**

**Formannskapet sitt vedtak:** Det blei informert om saka. Formannskapet tok orienteringa til etterretning.

---

**Formannskapsmøte 10.06.2014, sak 049/14**

**Orientering om tilsyn i Bokn barnehage v/ seksjonssjef kultur, skule og barnehage.**

**Formannskapet sitt vedtak:** Orienteringa blei tatt til etterretning.

**Formannskapsmøte 10.06.2014, sak 050/14**

**Orientering om boligsosial handlingsplan for Bokn kommune.**

**Formannskapet sitt vedtak:** Orienteringa blei tatt til etterretning.

---

**Formannskapsmøte 10.06.2014, sak 052/14**

**Etablering av Frisklivssentral i Bokn kommune.**

**Formannskapet sitt vedtak:** Formannsskapet vedtar å opprette frisklivsentral på Bokn innan utgangen av 2014.

Kostnadane vert forutsett dekka innanføre dagens rammer samt eventuelle regionale og nasjonale tilskott. Tiltaket vil frå 2015 bli innarbeidd som eige resultatområde i budsjettet. Tiltaket vert lagt inn under tenesteområdet helse, sosial og barnevern



Serie av
Birger Lindanger

# Med båt til Bokn

Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

## Boknferja

**På tide med bilferje**

I 1960 blei rasjoneringa av bilar oppheva i Noreg og biltalet skaut raskt i vêret, også på Bokn. Rett nok hadde ein bilferjer som *Haugesund* og *Tre Måker* som gjekk innom Føresvik i Ruta mellom Stavanger og Haugesund og også Nattruta kunne ta nokre bilar på dekket. Slik var det alltids råd å få bilar til og frå Vestre Bokn og også stundom til Austre Bokn. Men utover i 1960-åra melde behovet seg i aukande grad for ei lokal bilferje til avløysing for dei mindre båtane som gjekk i rute til Kopervik og Susort med passasjerar og mjølk, men ikkje bilar.

Den siste av desse båtane, ferja Boknfjord, hadde havarert ved kai i Føresvik under ein heftig hauststorm i 1968. Etter havariet blei kutteren *Skarpsild* ruta mellom Austre og Vestre Bokn, Kopervik og Susort. Men då båten viste seg å vera for liten til ruta, leigde rutelaget i staden inn ferja *Tourist I* av Riskafjord rutelag. Men heller ikkje ho kunne ta båtar.

Det var ei tid tale om å kjøpa inn Tourist I, men ho tok ikkje bilar. Etter ein del slik vurdering att og fram, fall augo på *Follaferja II.* Med det kom ei av dei mest eksotiske fartøya som har trafikkert Bokn, hit til øyane.

***S/s Elegance***

Historia til denne båten starta på Varaldsøy i Hardanger i 1891. Der budde då skipperen Helge Skjelnes som trong eit nytt fartøy. Og det laut vera eit sterkbygd fartøy, det skulle gå i fart over Nordsjøen. Resultatet var *Elegance,* ei einmasta jakt som



***Såleis blei den gamle galeasen ”Elegeance” sjåande ut etter ombygging til ferje ved Moen Slip i 1950, og ferja fekk namnet ”Follaferja”.***

kunne lasta 130 tonn. Båten blei så sjøsett same året og gjekk sidan i ti år i fraktefart til England med Helge Skjelnes ved roret.

Noko overhendig svært skip var det såleis ikkje, bare 25 langt og ti meter breitt.

Helge var ikkje nøgd med dette, og for å auka kapasiteten rigga han om med ei ekstra mast slik at båten blei klassifisert som galeas.

Ein dag i 1901 då *Elegance* låg i dokk i London, kom ein William John Jones bortom, og snart etter var han eigar av den norske galeasen. Sidan segla båten under britisk flagg i tri år, til i 1904 då han på ny blei norsk. Denne gongen var det eit partsreiarlag i Mandal: T. M. Thomassen som var kjøpar. Ein av partsreiarane var skipper O. Th. Simonsen frå Snik. Han var det så som førte galeasen dei fylgjande ni åra dels i kystfart langs norskekysten. Dessutan segla ho i fart med tømmer til Island, Færøyane og England og med kol heim att frå England.

I 1913 var det tid for eigarskifte att, denne gongen til dei to bodøværingane Hans Stensø og Ragnar Schølberg. Dei selde i 1929 båten vidare til Herleif Lind, også han frå Bodø. Og Herleif Lind var skipper og førte skipet i kystfart og under segl heilt fram til i 1949. Då var *Elegance* eit av dei aller siste seglfartøya i fraktefart langs Norskekysten. For det meste segla Herleif med saltsild i lasta, men tok også annan last alt etter som det fall seg.

Men i 1949 var tida runnen ut for seglfartøy. Herleif trekte på åra og det same gjorde *Elegance,* tida var inne for sal. Denne gongen var kjøparen Ragnar Brækkan frå Kolvereid i Nord-Trøndelag. Nå var det slutt med segl. I staden blei det sett inn ein to-sylindra 210 hestars Normo dieselmotor om bord ved Moen slip i Kolvereid i Nord-Trøndelag.



*”Boknferja” på fjorden.*

*Foto: Haugesunds Avis*

**Follaferja II**

Ikkje bare det, mastene blei skorne ned og den gamle galeasen blei bygd om til bilferje. Nyttår 1951 låg ho ferdig ved kai og kunne setjast inn i rute mellom Kongsmoen og Teplingan til i 1956 og frå Bjøråneset til Teblingan vidare fram til i 1959, begge rutene i Indre Follafjorden. Ikkje nok med ho mista totalt mista den gamle elegansen, gamle, stolte *Elegance* mista også namnet sitt og blei omdøypt til *Follaferja II.* I denne omgangen blei ho sertifisert til å ta maksimalt tolv personbilar.

Her putra og gjekk ho til trafikken vaks frå henne i 1969. I Bokn blei det ved dei same tider mykje drøfta av politikarane kva lokalferje bygda nå trong – og landa på at det måtte bli ei bilferje. Ho skulle gå i rute mellom Føresvik og Tåganes og to gonger til dagen til Susort i Tysvær. I januar 1970 blei det kommunale Bokn Rutelag etablert til å ta seg av oppgåva, Follaferja II blei kjøpt inn og omdøypt til *Boknferja.* Kapasiteten nå var 75 passasjerar og åtte personbilar.

**Boknaferja**

Slik putra ho og gjekk eit par år til sommaren 1972. Då gjorde styresmaktene det klart at det laut opprettast eit riksvegsamband med ferje mellom Føresvik og Kopervik, ein strekning der *Boknferja* ville koma sørgjeleg til kort. Eit skifte laut til og staten ville ikkje lenger gje tilskot til den vesle bilferja. Kommunen var blitt glad i den vesle ferja og anka avslaget på statleg tilskot.

**Under segl på ny**

Dette blei også den siste ruteplanen for ferja. Frå desember 1973 tok m/s *Fjordbris* og starta opp riksvegsambandet mellom Bokn og Kopervik. Med det var gamle *Elegance* arbeidslaus. Men ikkje lenge, alt i 1974 blei ho seld vidare til Kran & Båtservice i Kristiansand. På ny blei ho ribba for overbygning og nytta til lekter. Styrehuset blei då seld til Sverige. Etter å ha bytta eigar nokre gonger og periodevis lege i opplag, enda ho i 1985 hjå Georg Asbjørnsen og Viggo Tronsgård som sette seg føre å restaurera båten tilbake til den utsjånaden han hadde frå fyrst av.

Dette viste seg å bli for krevjande, og i 1992 blei det seld til Oslo for vidare restaurering. Der blei det ferdig restaurert og samstundes stroke frå skipsregisteret. Det heile fekk ein lukkeleg slutt, i dag er framleis *Elegance* under segl og i sin gamle skikk.


Ruteplan for Boknferja frå 15. januar 1973.

Formannskapet vart [illegible] samde om dette oppsett.

Båtsambandet - Føresvik - Austre Bokn - Susort.

| | Dagleg. | [illegible] | [illegible] | Søndag. | [illegible] | [illegible] |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Fra Føresvik | 07.05 - 07.30 - 09.30 - 10.15 - 11.50 | 14.40 - 15.20 | 16.50 | 15.20 - 16.50 | 17.50 | 22.00 |
| til A. Bokn | 07.15 - 07.40 - 09.40 - 10.25 - 12.00 | 14.50 - 15.30 | 17.00 | 15.30 - 17.00 | 18.00 | 22.10 |
| Til Susort | - - 08.00 - - - - - - | - - | - | 16.00 - | 18.30 | - |
| Fra Susort | - - 08.00 - - - - - - | - - | - | 16.00 - | 18.30 | - |
| Fra A. Bokn | 07.15 - 08.30 - 09.40 - 10.25 - 12.10 | 14.50 15.30 | 17.10 | 16.30 - 17.10 | 19.00 | 22.10 |
| Til Føresvik | 07.25 - 08.40 - 09.50 - 10.35 - 12.20 | 15.00 16.45 | 17.20 | 16.40 - 17.20 | 19.10 | 22.20 |

***Ruteplan for m/f Boknafjord for våren 1973.***



*I rute på Follafjorden kring 1952.*

# Bygging av fleirbrukshall

Bokn Senterungdom har merka seg at fleire ungdommar og unge boknarar reagerer på måten kommunen bygger fleirbrukshall på. Kommunen er til for innbyggarane. Når Bokn kommune då legg opp til å bygge ein hall som krev at innbyggarar må gi frå seg hus og heim, meiner me det er dårleg politikk.

Det er dårleg politikk, fordi ein alltid har eit alternativ. Me har masser av gunstige plassar på Bokn som burde vore utreda som alternativ, i staden for å bestemme seg for ei plassering som vil påføre kommunen enorme ekstrautgifter sidan ein må kjøpa ut fleire private eigedommar. Eigedommar kor eigarane vart truga med ekspropriering fordi dei i utgangspunktet ikkje ønska å selje.

Frå ungdommens perspektiv ser heile framgangen svært så klønete ut, noko me vel å gi uttrykk for på vegne av fleire boknaungdommar.

**Bokn Senterungdom**



*Det aktuelle huset. Foto: Jardar Havikbotn*

# Min ærlige mening

Jeg sitter i min stue på gamlehjemmet" og gremmes over kommunalt dårskap.

Et meget koselig og sosialt ektepar som hadde tenkt å leve sin pensjonisttilværelse på Bokn, er nå blitt "skuflet" ut av kommunen fordi huset deres skal rives og i stedet skal man oppføre en flerbrukshall. Huset er nyrestaurert og har en meget godt vedlikeholdt hage. Ikke nok med det, også en dyrket mark må ofres for vei og parkeringsplass.

Med mine 92 år på baken kan jeg vise til så mange bedre egnede plasser for en slik hall. Kommunen har et hav av byggeplasser, hvorfor da legge hallen på den mest lokaltrafikkerte plass? Jeg mener at i en så viktig sak hadde det vært på sin plass med en meningsmåling eller allmannamøte, så flere enn noen få politikere kunne få si sin mening. Hvorfor bry seg når man er så gammel? Jeg må si som en av våre store diktere sa: "Du skal ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer deg selv".

Jeg er overbevist om at boknere flest mener det er en skam å behandle folk slik som dette ekteparet er blitt behandlet. Det er i hvert fall ikke noe god reklame for "Kjekt på Bokn". I fjellvettreglene står: "det er ingen skam å snu". Det gjelder også i denne saken.

Mange midler har vært benyttet for å få flere bosettere til Bokn - går man nå den andre veien?

Håper andre også vil si sin mening i denne saken.

**Hilsen**
**Else Amalie Nilssen**

# Flerbrukshall




*Situasjonsplan for skisseutkast for fleirbrukshall i Bokn - <u>ikkje vedtatt</u>, er under bearbeiding av arkitekt (red. anm.).*

Ser at senterungdommen og andre stiller spørsmål ved bygging av flerbrukshall på Bokn. Hører også at der er stort engasjement på sosiale medier. La oss håpe at det ikke er uenighet om behovet og ønsket om hallen som er grunnlag for engasjementet. Der bør ikke være tvil om at Bokn sårt trenger en flerbrukshall til aktiviteter for barn og unge. Skolen har et stort behov, og sist, men ikke minst; vi boknarar trenger en ny kulturell storstue til ulike arrangement.

Det er mange år siden diskusjonen og ønsket om en flerbrukshall startet. I etterkant har der vært vurdert og diskutert mange ulike plasseringsalternativer. I vurderingene som er gjort er alle momenter tatt med og diskutert. Det være seg infrastruktur som tomt, vann, vei, avløp osv, økonomi, tilgjengelighet og brukervennlighet.

I en plasseringsdebatt er der mange hensyn å ta og en har sjelden løsninger som bare er positive, alltid en eller flere negative sider. Så også i denne debatten. Engasjement rundt bygging av flerbrukshall på Bokn er viktig og nødvendig og jeg ønsker det velkommen. Det blir derimot svært synd at en skal bruke kreftene på å diskutere plasseringen som, etter en grundig utredning og diskusjon, ble tatt for 2-3 år siden av kommunestyret og fastsatt i kommuneplanen som nylig er vedtatt. I de prosessene må diskusjonen tas. Diskusjonene ble også tatt, med det utfall at kommunestyret etter en samlet vurdering valgte «trisnippen» som plassering.

**Kjære senterungdom og andre; skal vi klare å realisere bygging av en ny kulturell storstue som samler lag og organisasjonar, unge og gamle, kort sagt hele Bokn, må vi samle kreftene og arbeide for bygging av flerbrukshall og ikke motarbeide saken gjennom omkamper.**

Til slutt en liten oppfordring til politikerne og de som arbeider med saken; informasjon om arbeidet må komme ut og en må skape positiv energi rundt flerbrukshall på Bokn, den er sårt trengt. **KJEKT PÅ BOKN!**

**Svein Ove Alvestad**

# Nok av plass



**Kommentar:**
Bokn Senterungdom har god kjennskap til grunneigarmiljøet på Bokn. Dei er villige til å avseie areal som er konfliktfrie og ikkje krevjer hus, har større areal for parkering, er like nært skulen som trisnippen, og som ikkje er fulldyrka mark.

Bokn burde gjere alt anna enn å rive hus, og verda kan ikkje bygge ned meir matjord. Ingenting er skriven i stein endå, så me vonar inderleg at kommunen høyrer på boknarane sine i denne saka. Spela tennis og volleyball kan me gjere andre stadar!

**Bokn Senterungdom**

# Fleirbrukshall og gjennomtenkte vedtak

**Heisann!**

Fekk så lyst til å senda nokre ord vedr. bygging av fleirbrukshall. Det er mykje bra og folkeleg engasjement som blir lagt for dagen i denne saka. Når dei folkevalde gjer så lite gjennomtenkte vedtak, og vedtaka får slike fatale utfall for innbyggjarane våre, så er det ikkje anna å venta enn at folk tar til motmæle!

Men som det går fram av innlegga så er det forskjellig syn på dette. I eit av innlegga her i Bygdabladet blir vi oppfordra til å stå saman, og ikkje motarbeida saka gjennom omkampar. Vi blir også fortalde at området til fleirbrukshall er fastsett i Kommuneplanen, og at vedtaket om å plassera fleirbrukshallen på «trisnippen» blei gjort etter grundige utredningar og diskusjon i Kommunestyret. Det blir hevda at i vurderingane som er gjort er alle moment tatt med. Det vera seg infrastruktur som tomt, vatn, veg, avløp, økonomi, tilgjengelighet og brukarvennligheit.

Nå har det seg slik at eg sit i dette kommunestyret som behandla denne saka. Og eg kjenner meg rett og slett ikkje igjen i det som blei hevda. Så eg måtte sjekka litt fakta.

**Ikkje endeleg avgjerd**

Etter litt leiting i den vedtatte Kommuneplanen fann eg ut at området for fleirbrukshall ikkje er stadfesta her, slik det vart hevda. Eg finn ut at Fylkesmannen hadde innsigelsar mot bruken av området, og det skal utarbeidast reguleringsplan som igjen skal på høyring, osv. Så når det gjeld plassering av fleirbrukshallen så er det nok slik at den endelege avgjerda ikkje er tatt.

Men kva så med det grundige forarbeidet som var gjort? Er det urimeleg



*Gode plasseringsalternativ både vest og nord for skulen - og like sentralt.*
*Foto: Vest foto & forlag*

å innleiingsvis kalla dette eit lite gjennomtenkt vedtak? Av den dokumentasjonen eg sit med, kan eg lesa utredningar om forskjellige plasseringsalternativ, men ikkje på «trisnippen»! Men, men,- det blir jo mykje sakspapir gjennom åra så eg stikk innom kommunehuset for å spørja om desse grundige utgreiingane av veg, vatn, avløp, og for ikkje å gløyma økonomi! På Boknatun får eg bekrefta at det ikkje var gjort noko forarbeid, og derfor heller ikkje lagt fram utredninger av fleirbrukshall på «trisnippen» då dette vedtaket blei gjort. Verken på infrastruktur eller økonomi. Dette var eit reint politisk vedtak for å komma vidare i arbeidet med hallen.

Så kva sit ein igjen med då? Jo, eit plasseringsforslag som blei tatt opp til avstemming utan nokon form for utredning, og som enno ikkje er endeleg vedtatt gjennom godkjente planar.

Så kvifor kalla det omkamp når saka ikkje er endeleg avgjort. Dette er ei plassering eg er imot, med mindre planutvalet gjennom sitt arbeid klarer å overbevisa meg om at dette er den riktige plasseringa for ei storstue på Bokn. At folk blir tvinga frå heimane sine, har så langt berre gjort meg sikrare på at eg ikkje kan stemma for eit slikt forslag.

Eg respekterer at kommunestyret gjer dei vedtaka dei gjer, sjølv om eg ikkje alltid er enig. Eg ville vore glad om dei og andre kunne respektera at andre har eit anna syn, og argumenterer for det dei meiner er rett, utan at dette skal bli betegna som omkamp. Når plasseringa av hallen, kor nå det måtte bli, er endeleg avgjort gjennom vedtatte planar, då kan me ta kvarandre i neven og gå vidare med planlegging, bygging og drift av ei storstue på Bokn.

Inntil så skjer vil eg argumentera for ei anna plassering.

**Mvh.**

**Johannes Nilssen**

# GRATULERER!



**Emma, født 19. juni**

Gratulerer Hege Totland og Jan Inge Våge med nok en liten prinsesse. Den 19. juni kom lille Emma til verden, og Ingrid har blitt stolt og flink storesøster.

**Mange gratulasjoner fra farmor og farfar.**



**Alfred Borgenvik Dahl - 1 år, 11. juli.**

Hipp hurra for Alfred som blir 1 år 11. juli. Det var kjekt å besøka deg i Gøteborg!

**Hilsen mormor og besten og resten av gjengen.**



**Alfred Borgenvik Dahl - 1 år, 11. juli.**

Me vil gratulera Alfred Borgenvik Dahl med 1 års dagen! Du e best og me e så glad i deg!

**Stor klem frå mamma og pappa.**



**Regine Eidesvik - 4 år, 23. juli.**

Me vil gratulera Regine Eidesvik med 4 års dagen! Rolsejentå vår så me e så glad i :)

**Klem frå mormor og besten + resten av gjengen!**



**Tor Inge Sæbø - 31 år, 11. august.**

Gratulera så masse med 31 års dagen din 11. august! Du betyr alt for oss:)

**Klem Edith og ungane:)**



**Jone Grønnestad Espeland - 1 år, 17. august.**

Vil gjerne gratulere gutten vår med ettårsdagen!

**Klemmer fra Idunn, Gunhild, mamma og pappa.**

## Omsetning av eigedomar i Bokn

Øyren 12 (Gnr 4, bnr 21, seksjon 2) er solgt for kr 2.250.000 fra Grete Kro til Alexander Mjølhus (04.06.2014)

Gnr 11, bnr 80 er solgt for kr 2.250.000 fra Solveig Helene Ognøy Johansen til Lars Henry Vedø og Reidun Charlotte Vedø (19.06.2014)

Boknatunvegen 50 A (Gnr 9, bnr 149, seksjon 1) er solgt for kr 2.790.000 fra Nibe as til Ragnhild Laupland 20.06.2014)

Boknatunvegen 46 D (Gnr 9, bnr 162, seksjon 4) er solgt for kr 2.300.000 fra Bokn Eiendom as til Solrunn Alvestad (25.06.2014)

Andel av Lodavegen 584 (Gnr 19, bnr 28) er solgt for kr 500.000 fra Geir Thorsnæs til Porta Reidun A (25.06.2014)

Boknatunvegen 46 B (Gnr 9, bnr 162, seksjon 3) er solgt for kr 2.330.000 fra Bokn Eiendom as til Bianca Mari Alvestad og Bjørn Nordhagen (25.06.2014)

Boknatunvegen 46 A (Gnr 9, bnr 162, seksjon 1) er solgt for kr 1.620.000 fra Bokn Eiendom as til Henrik Nilssen (26.06.2014)

Boknatunvegen 46 C (Gnr 9, bnr 162, seksjon 2) er solgt for kr 1.750.000 fra Bokn Eiendom as til Lars Buhl Larsson (30.06.2014)

**Kjelde: Statens kartverk**

## Omsetning av eigedomar i Bokn

Søre Sunnalansstraumen 1 (Gnr 19, bnr 52) er solgt for kr 2.990.000 fra Hans Oluf Dahl til Hilde Thorsen Eltervåg og Kjetil Eltervåg (24.07.2014)

Vågavegen 240 (Gnr 6, bnr 9) er overdradd fra Våge Olav B. til Tobbie Våge (29.07.2014)

Vågavegen 240 (Gnr 6, bnr 9) er overdradd fra Tobbie Våge til Åse Våge Fjermestad, Synnøve Therese Heng, Venke Våge Kvinnesland, Odd Terje Våge og Tor Bernhard Våge (29.07.2014)

**Kjelde: Statens kartverk**

## Blåklokkå

Blåklokkå står og ringe i vei
Vinden hjelpe, snill og grei
Hu øvedøve sauebjellene
Klinge øve alle fjellene

Det e for seint å ringa våren inn,
men gir vekstklang te menneskesinn
Eg takke for at du lot meg stå,
så andre og kan få hørra på

Kjetil Hamre



## GRATULERER!



**Simon Eidesvik - 8 år, 18. august.**

Hipp hipp hurra, gratulera så masse med dagen din! Du e så god og me e så glad i deg.

**Stor klem fra mormor og besten + resten av gjengen :)**

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan
## FRÅ NR. 6 1994

### *UTBYGGING AV OMSORGSBUSTADER OG SJUKESTOVA ER VEDTATT*

Bokn kommunestyre vedtok i siste møte før ferien å byggja ut 6 omsorgsbustader (småleiligheter) i Føresvik, og den planlagde utvidinga av Bokn sjukestove.
Når det gjeld sjukestova, skal to-sengsrommet og ny fysioterapiavdeling vurderast i samband med budsjettet for 1995. Det betyr at i vestre delen av tilbygget vert ikkje alt ferdig innreia i første omgang, men skal vurderast ferdigstillast i 1995. Dei øvrige planlagde arbeida er vedtatt starta under forutsetnad av at kommunen får eit statleg tilskot for utbygging innan eldreomsorga, og at Fylkesmannen godkjenner låneopptak og finansieringsplan.

Ut frå anbudet til firma Håland & Thuestad er totale kostnader anslått til vel 5 mill. kroner. Då er også byggelånsrenter, uforutsette utgifter, innbu og prisstiging medrekna. Til fråtrekk kjem statstilskot på kr. 600.000.
I vedtaket får ordføraren fullmakt til å sluttføra kontraktsforhandlingane med det firmaet som blir vald.
Når det gjeld omsorgsbustadene har også ordføraren fått fullmakt til å inngå avtale med firma Utvik A/S.
Forutsetninga for dette prosjektet er at kommunen får statstilkot på kr. 540.000. Låneopptaket for dette prosjektet vil bli på kr. 2.143.000 i Husbanken. Når det gjeld utbygginga av sjukestova vil ein låna tilsvarande beløp i Husbanken.



Slik vil påbygget gå vestover ut frå nordre del av Boknatun. Ny hovedinngang til sjukestova blir i nybygget mot sør slik teikninga viser.

# Kulturkalenderen

**- nye arrangement/endringar -**

**August**

28. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
28. Oppstartsamling for konfirmantar på Bokn Bedehus kl. 18.15.
30. Seminardag for konfirmantar på Tysvær Soknehus kl. 10.00 - 15.00
31. Gudsteneste kl. 11.00 - konfirmantpres. + 50 års konfir mantar
31. Friluftsdagen, kl. 12.00 ved idrettshuset - sjå s.

**September**

03. Kyrkjenær: Dåpsskule 2 i Allrommet, Boknatun kl. 12.15 - 13.45
05. Kino i Auditoriet
07. Bokn bedehus: Misjonsfest NMS kl. 19
08 Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19
14. Gudsteneste kl. 11.00. hausttakkefest + 2. kl.
17. Dagsenteret har basar i Allrommet, Boknatun kl. 18.00 - sjå s.
19. Kino i Auditoriet
19. Bedehusbasar kl. 19
19. Kampen om Vikingskipet kl. 20.00 - arr. Bokn KFUK/ KFUM
21. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn mu- sikkorps
22. Kyrkjenær: aktivitetsdag for fjerdeklassingar i Aksdal kyrkje
22. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19
25. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
28. Gudsteneste kl. 11.00

**Oktober**

01. Bokn bedehus: Indre sjømannsmisjon har basar kl. 19
02. Soknerådsmøte på Boknatun kl. 19.00
03. Kino i Auditoriet
Veke 41 Haustferie, Bokn skule
05. Bokn bedehus: ABR-senteret kl. 19.00
06. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
12. Gudsteneste kl. 11.00
15. Bokn bedehus: Kontaktmøte kl. 19.00
17. Kino i Auditoriet
19. TV-AKSJONEN 2014
20. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
22. Bokn bedehus: Norsk kirke i utlandet har basar kl. 19
25. Auksjon - arr. Bokn musikkorps
26. Gudsteneste kl. 11.00
26. Overnattingstur for stifinnar-speidarane
30. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
30. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.30
31. Kino i Auditoriet
31. Kyrkjenær: Alternativ Halloweenfeiring for sjuande-klassingar på Bokn bedehus

**November**

02. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
03. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
07. Bokn bedehus: Kulturkveld kl. 19.00
14. Kino i Auditoriet
15. Kyrkjenær: samling for fireåringar i Bokn kyrkje kl. 14.00 - 15.30
16. Gudsteneste kl. 15.00 - utdeling av barnebiblar til fireåringar
16. Bingo kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps
17. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
23. Bokn bedehus: NMS har møte kl. 19.00
25. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
27. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
28. Kino i Auditoriet
29.-
30. «Lys vaken». Overnatting i kyrkja for sjetteklassingar
30. Gudsteneste kl. 18.00 - Lysmesse, speidarane

**Desember**

01. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19
09. Grautfest for speidarane
12. Kino i Auditoriet
14. Gudsteneste kl. 11.00
14. Luciafest - arr. Bokn musikkorps
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Bokn bedehus: Juletrefest kl. 15
31. Gudsteneste kl. 16.00






**Bjarne A Våge, fødd 25.04.1929, døydde på Bokn sjukestove 12. juni 2014.**

Bjarne blei fødd i Våga der foreldra Andreas og Dorthea dreiv gard. Han vaks opp med to søstre, Sigrid og Gerd. Bjarne var tidleg med faren på sjøen og fiska hommar, og då han seinare blei fiskar på heiltid var det homrafisket han lika best.

24. mars 1956 gifta han seg med Synnøve og etterkvart fekk dei tri born. Dei bygde hus i Alvestadkroken og budde der til dei flytta i omsorgsbolig våren 2014.



Bjarne viste stor omsorg for familien, og då det etterkvart kom til barnebarn kosa han seg stort med dei.

Bjarne etterlet seg kone, tri barn, fem barnebarn og tri oldebarn.

**Familien**

Serie

# *Eg seie meg så*

Birger Lindanger

Ein gammal seiemåte i Bokn var *"Det kria for livet om det ikkje e aent enn ein tysværbu"* som tyder *"Det streva for livet om det ikkje e aent enn ein tysværbu"*. Å kria for tyder altså *å streva for, å ha interesse for noko"*. Det fører med seg at resultat sidan sist blir snudd på hovudet. Då hadde Dagsenteret ni poeng, denne gongen har dei ti medan Andor altså oppnådde motsett resultat. Likevel må også ni poeng seiast å vera eit framifrå resultat sett opp mot vanskegraden i desse uttrykka.

**Forklaringane:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | ein kjedel | hylle høgt opp, t.d. over komfyren |
| 2. | mera | smådyr i mjølet |
| 3. | å vera på gjodnå | å vera opprømt, ivrig på å gjera noko |
| 4. | å kria for | å streva for, ha interesse for |
| 5. | lann | flytande naturgjødsel |
| 6. | ei lessing | dekkmatte brukt ved sprenging |
| 7. | å morka | å vera sur/å snorka |
| 8. | møen | slakk, trøytt, energilaus |
| 9. | ein prylert | ein som har vakse seg stor og sterk |
| 10. | eit sø | avkok, kraft |

**Månadens uttrykk, kva betyr:**

1. å vera onnefaren
2. å ha usørt
3. å vera dåssen
4. å vera urven
5. gjarkjen
6. å tyda (ikkje å forklara)
7. å vera idel
8. ein garp
9. å grusa på
10. å muda

**Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 15. september.**

**Resultat:**

| | |
|---|---|
| Dagsenterdamene | 10 poeng |
| Andor Borgenvik | 9 poeng |

Nok ein gong har Leif Vatnaland vore ein god leverandør av flotte boknauttrykk. Men damer, har de til dømes ord og uttrykk frå hus og heim, mat, klede og barnestell som mannfolka er lite kjende med? *Kom med dei!*

# Minner fra krigsårene

Ruth Grønnestad

Vi var en familie på seks som bodde i huset vårt i Loten. Jeg, Ruth Grønnestad - født Våga var 5 år gammel da.

I januar 1941 kom det tre tyskere til Loten for å se seg om. De var på jakt etter et egnet sted til en festning som skulle bygges. Etter ei tid reiste tyskerne igjen, men det varte ikke lenge før tyskerne kom til Loten.



***Ei av kanonene på festningen på Klepp i 1945. Heine Trahaug sit på løpet.***

***Foto og bildetekst frå bygdeboka BOKN Gard og ætt av Birger Lindanger***

Jeg husker at tyskerne først tok fra oss loftet og "bestaståvå" i huset. Våren 1941 overtok de hele huset vårt, og da måtte vi flytte til besteforeldrene våre i Jøsen. Tyskerne bodde i huset vårt mens oppføringen av festningen i Klepp pågikk.

Året etterpå fikk vi heldigvis flytte hjem igjen, men vi fikk ikke disponere hele huset selv. Ganske snart flyttet det inn jenter som skulle arbeide for tyskerne, så det ble trangt om plassen.

Nabohuset ble etter hvert fylt opp med omtrent 40 polske fanger. Disse fangene ble brukt til det tyngste arbeidet med oppbyggingen av festningen. Av og til fikk vi unger gi fangene litt mat, som de ble veldig glad for. Noen av fangene spikket fugler av tre. Min bror Hans fikk en slik fugl, og denne fuglen hang under taket hjemme i huset i mange år etter krigens slutt.

Mellom huset vårt og nabohuset bygde tyskerne ei stor brakke. I denne brakka bodde det omtrent 23 menn, som kom fra Haugesund og Karmøy. En stor del av disse mennene kom fra Kopervik. Tyskerne fikk matprovianten sin fra Kopervik, og på den måten kom de i kontakt med lokalbefolkningen.

I Stemmen, som ligger ganske i nærheten av festningen, var det ei neddyrket myr på omtrent 13 mål. Denne myra tok tyskerne over og brukte den til skytebane. I nyere tid fikk jeg ved en tilfeldighet vite av en mann som hadde arbeidet for tyskerne i Klepp, at de hadde hatt planer om å bygge flere boligbrakker akkurat på den myra. Denne mannen jeg tilfeldigvis traff, sa til tyskerne at myra ikke egnet seg for brakker fordi den var for dyp. Tyskerne hørte på mannen, og dermed reddet han myra for faren min.

Tyskerne bygde en vei ned til sjøhusene i Loten, og de bygde også en trekai. Faren min hadde ei kiste med hummer som nok fristet tyskerne, for de stjal nemlig hummere fra kista og plasserte dem i en dam. Hummerne klarte seg ikke i dammen og døde, men tyskerne kokte og spiste nok hummerne allikevel.

Ved inngangen til festningen var det plassert en landmine på hver side av porten. Ved denne porten var det alltid vakt.

Festningen inneholdt to kanonstillinger, den ene rettet mot sør og den andre rettet mot sørvest. Festningen inneholdt også et vakttårn som hadde kontroll over innseilinger i Karmsundet og Boknafjorden, en stor sykebrakke og en kjøkkenbrakke med festsal. Jeg husker at i denne festsalen var det malt kunstbilder direkte på veggene. Det var også en stor brønn, en offiserbrakke og flere boligbrakker.

3. juledag 1943 traff brødrene mine Hans og Sigurd og jeg på kommandanten ute på veien. Kommandanten var hyggelig og bad oss med til festningen, for der skulle vi få drops. Vi var ikke redde og ble med han til festningen der vi ble bedt inn på kontoret hans. Det første jeg la merke til da vi kom inn var fars skrivepult. Denne pulten var blitt plassert på låven, da vi måtte flytte ut av huset.

Kommandanten visste godt hvor mange unger vi var i søskenflokken og telte opp en dropspakke til hver. Vi fikk også en stor pakke med formkake som vi skulle ta med oss hjem.

Da vi kom ut igjen og skulle til å gå hjem, ble vi litt usikre. Hvor går veien hjem? lurte vi på. Jeg sa "Naustberg". Kommandanten ringte til Naustberg som var en tysker som kunne litt norsk. Naustberg fikk i oppdrag å følge oss hjem.

I mellomtiden var far blitt redd for oss, og var på vei for å hente oss. Han hadde gått rett gjennom vaktporten for å hente ungene sine.

Tiden gikk og etter hvert fikk nok tyskerne for lite proviant, for de begynte å stjele sauer av oss som de slaktet.

En ting jeg husker godt er at far ofte fikk ordre om å slukke Klepplykta. Dette skjedde ofte om natta i all slags vær og ble gjort fordi engelskmennene ikke skulle finne sjøveien inn fjorden.

Vi visste lite om krigen som pågikk, men forstod på tyskerne at krigen gikk mot slutten. Og da krigen endelig var over, malte faren min det norske flagget på ei plate som han plasserte godt synlig for alle.



*Etter at tyskarane kapitulerte i mai 1945, tok boknarane over kontrollen på festningen på Loden. Her har vaktmannskapene teke oppstilling. Frå venstre Heine Trahaug, Olav Nedrebø, Arthur Trosnavåg, Peder Hognaland, Ingolf Are, Halvard Laupland, Johannes Å. Øvrebø og Einar Ellingsen.*

***Foto og bildetekst frå bygdeboka BOKN Gard og ætt av Birger Lindanger***

Til slutt kom det en båt for å hente tyskerne. Jeg stod og så på at mennene gikk om bord i båten.

Jentene som arbeidet for tyskerne, gjorde ikke noen tegn til at de skulle reise. Far måtte til slutt be dem om å dra. Jentene drog omsider til Kopervik.

**Hilsen fra Ruth Grønnestad**

# Varierande frammøte ved sommarope bygdamuseum

Reidar Alvestad

Bokn historielag i samarbeid med Bokn kommune har sommaren 2013 og 2014 hatt ope bygdamuseum 7 sundagar kvart år. Det er styret i historielaget som har påtatt seg å vera vertskap på museet på opningsdagane.



**Synkande frammøte**

I høve til 2014 då det i gjennomsnitt var ca 13 besøkande på opningsdagane, var det talet i år gått ned til gjennomsnittleg 9 besøkande kvar opningsdag. Det er likevel ikkje så verst, men historielaget vil i etterkant drøfta om dei skal gå vidare med opplegget neste år.

Historielaget har ovafor kommunen orientert om at museet har behov for ein god del vedlikehald. Det er viktig å få utført dette, slik at det ikkje blir skader på huset. Det bør også vera nokolunde presentabelt innvendig.

# Sykkelgruppa

**For de som ønsker skal sykkelgjengen ha basistrening innendørs i gymsalen til høsten. Folk må følge med på nettsiden til BIL for mer informasjon.**

**Kjell Olav Skjelde**



# Bokn idrettslag informerer

## Da er tiden inne for å komme i gang igjen etter en fantastisk sommerferie!



Idrettslaget har denne høsten flere tilbud til alle som vil trene i nærmiljøet, og alle nye og «gamle» medlemmer ønskes velkommen.

**Tabata starter opp igjen mandag 1. september kl. 20.00 - 21.00**. En enkel, effektiv, variert og funksjonell intervalltrening med styrke, spenst og kondisjon. Her trener man hele kroppen samtidig, både små og store muskelgrupper. Man bruker egen kropp som belastning, i tillegg til for eksempel vekter. Timen passer for både menn og kvinner, og spesielt for den som vil ha størst mulig treningsutbytte på kortest mulig tid.

**Yoga starter opp igjen onsdag 3.september kl. 20.00 - 20.45 i partallsuker.**
En bevegelighetstrening som tar vare på kropp og sinn og gir fysisk og mental avspenning. Her forebygger man skader, forbedrer blodsirkulasjonen, øker forbrenningen og fjerner avfallstoffene i kroppen, samt at en blir smidigere og får mer energi. En perfekt måte å bevare sinnsroen på i hverdagens kjas og mas. Universell, tidløs og like relevant trening i dag som for 2000 år siden for både unge og eldre, kvinner og menn.

**FG Step er en ny aktivitet som starter opp onsdag 3.september kl. 19.30 – 20.00 i partallsuker.**
En morsom og enkel kondisjon- og styrkeøkt, hvor en gjør forskjellige øvelser etter musikk, ved hjelp av stepkassen. Merk at det er en 30 min. økt, derav FG som står for fort gjort! Kan gjerne kombineres med yoga som starter like etterpå.

**Oppussing**
Treningslokalene blir stengt pga oppussing i uke 38 og 39. Alle medlemmer oppfordres da heller til å stille opp på dugnad, da lokalene skal males og ominnredes.

# Bokn OppNed

May Jorunn Vatnaland

**Bokn OppNed blei arrangert for fjerde år på rad 28. juni i år.**

Dette året var vi velsignet med perfekt vær både for deltakere og publikum, nesten for fint skulle det vise seg å bli…

Det er stadig nye deltakere og, de kan ikke få rost arrangementet nok.  Dette er løpere som har god erfaring fra mange forskjellige større og mindre løp.

Vi har prøvd å tilpasse mål og ønsker for både tidspunkt, marsj og barneløp etter hvert.




***Bokn OppNed er ein del av "Mosjonsdagen". Artikkelforfattaren oppfordrar folk til å stilla på "Mosjonsdagen", enten det er som utøvar, heiagjeng, eller å la ungane delta i barneløpet (redaktøren).***

***Foto: Kyrre Lindanger***

*Dei som sprang fortast, fv. Nils Haktor Bua, Håvard Austevoll, Henning Mæhle, June Grønnestad, Janne Elin Vatnaland og Hege Sunde.*







Alltid greit å få innspill om hvordan det er mest ønskelig å ha opplegget.

Det er etter hvert en del løp og ritt både i distriktet og videre utover grensene, som vi ønsker å tilpasse oss i forhold til.

Etter den løps/treningsbølgen som for tiden er, så er det kjekt å også kunne arrangere et alternativ på Bokn.

Med den store løp og "skap-jogger" aktiviteten som er på Bokn er det derfor skuffende liten deltakelse av "våre egne".

Om man ikke ønsker å "miste ansikt" og komme svett i mål, still i hvert fall som heiagjeng eller la ungene delta på barneløpet.

De som vant premier, og de som vant over seg selv med deltaking, gjorde en fantastisk innsats.

Vi ønsker å takke alle de som støtter opp av arrangementet og ikke minst dugnadsgjengen som er bare positive




*Jørgen Nilssen i fint driv ned Boknafjellet, til en sterk 7. plass.*

Hvis man ikke kan delta i frykt for ikke bli best, eller man er redd for å bli sist – da er det sterkt at enkelte løp har flere ti-talls tusener deltakere.

år etter år.

Tiden viser om det blir arrangert nytt løp neste år.

Om det blir løp, har en sentral deltaker (les: Trond) sagt seg villig til å komme sist over målstreken.

**Resultater**

| | |
|---|---|
| **1. Håvard Austevoll** | **34:58** |
| **2. Henning Mæhle** | **35:36** |
| **3. Nils Haktor Bua** | **35:38** |
| **4. Leif Inge Løland.** | **36:38** |
| **5. Irek Korfini** | **37:36** |
| **6. Erik Krogdahl** | **39:36** |
| **7. Jørgen Nilssen** | **42:14** |
| **8. Ruben Kleiven** | **42:35** |
| **9. Janne Elin Vatnaland** | **42:43** |
| **10. David Kleiven** | **45:27** |
| **11. Sindre Ness** | **45:30** |
| **12. Trond Idar Greiner** | **46:55** |
| **13. Trond Vatnaland** | **47:52** |
| **14. Terje Bårdsen** | **47:58** |
| **15. Jan Lilleland** | **49:41** |
| **16. June Grønnestad** | **50:10** |
| **17. Hege Sunde** | **53:23** |
| **18. Arvid Søndeland** | **55:40** |
| **19. Vigdis Alice Wik** | **56:08** |
| **20. Anette Ness** | **1.03:02** |

# Lått og løye under stilettløpet på Bokn!

Tekst: Anette Våga - foto: div.



*Deltagerne vakte oppsikt under årets sommermarked.*

**Det første stilettløpet i Bokns historie ble en suksess med over 30 deltakere!**

Flest lokale, men også tilreisende blant de flere hundre som var på sommermarknaden, stilte til start. Noen hadde funnet frem brudestasen mens andre stilte i badedrakt og sumobrytedrakt, atter andre i lånte sko.

**Kreativt**

Kåringen av beste og mest kreative kostyme var derfor ingen lett oppgave for juryen, men gikk imidlertid til Lene Vatnaland som hadde med seg Aud Leidy Gaupås og Rita Jensen, som hest samt en levende hund. At alle klarte å løpe i underkant av 50 meter med hæl over 7,5 cm på rød løper er imponerende, og bortsett fra et skrubbsår ble ingen skadd under selve løpet.

**Høy stemning**

Hensikten med løpet var å ha det «kjekt på Bokn» og galskapen førte til at det ble akkurat det! Mye latter og høy stemning både blant de som var med og blant publikum, gjorde løpet til et positivt innslag. Til den 16-årige vinneren, Mari Lilleland fra Sandnes, som i finalen flagret inn på tiden 5:21 vanket det i tillegg et gavekort på 5000 kroner. Det takket være gode sponsorer som Grieg Seafood, Bokn plast, High Comp, Mæland Bygg, Vassbakk & stol og Kjekt på Bokn.




*Øverst fv. Anne Marie Kvinnesland og Silje Gismarvik.*



***HEST OG HUND:* Prisen for beste og mest kreative kostyme gikk til Lene Vatnaland, Aud Leidy Gaupås og Rita Jensen.**

# Steinsvikrittet

Tekst: Kjell Olav Skjelde - foto: Falkeid IL

**16. august gikk andre utgave av Steinsvikrittet av stabelen. Over 600 deltakere stilte til start.**

Rittet har start og mål på Falkeid idrettsanlegg. Bokn IL Sykkel var sammen med Falkeid IL arrangør. Vi var en god gjeng fra Bokn som var med i arbeidet før og etter. Det er mye arbeid som må legges ned i et så stort arrangement. Men med god innsats og et godt samarbeid med Falkeid så ble sykkelrittet veldig vellykket. Undertegnede var som i fjor rittleder, og selv om temperaturen var som vanlig høy i timene før start gikk det mer en mindre smertefritt. Ønsker å takke alle som var med og bidrog.
Fra Bokn deltok Alf Åge Alvestad, Erik Våga og Lars Øyvind Alvestad.

**Steinsvikrittet Ungdomsritt:**

Ungdomsrittet var 24 km og gikk i samme trase som Steinsvik hovedritt. Det ble dobbelt CK Haugaland i den eldste ungdomsklassen M15-16. Joakim Skjelde og Arne Kalland Olsen fulgte hverandre gjennom hele rittet og gjorde opp inne på stadioen. Joakim Skjelde fikk luke på oppløpet og var en sykkellengde foran i mål. På 3. plass kom Eirik Hallingstad fra Stegaberg med Thomas Lønning fra en av arrangørklubbene Falkeid IL på 4., mens Simon Andreas Meland CKH kom inn på 5. plass. Sverre Trosnavåg fra Bokn deltok også.

Joakim og de andre CKH guttene sykler til vanlig på racersykkel og befinner seg på landveien, men det er gøy å lufte terrengsykkelen av og til.

I klassen M13-14 ble det seier til Kjell Ingvar Sandsmark fra Dalane CK, Svein Ove Imsland tok 2. plassen mens Simen Hope Djursvoll Nedstrand IL tok 3. plassen.




***Fra Bokn deltok Alf Åge Alvestad, Erik Våga (bildet) og Lars Øyvind Alvestad.***

I dameklassene deltok kun Karen Johanne Sandsmark fra Dalane SK som deltok i K15-16. Hun syklet derimot bra og ville kommet på 9. plass om han hadde startet i gutteklassen.



***Det ble spurtoppgjør i M15-16, som Joakim Skjelde gikk seirende ut av.***



***Pallen i ungdomsrittet, fv. Eirik Hallingstad, Joakim Skjelde, Arne Kalland Olsen, Kjell Ingvar Sandsmark og Karen Johanne Sandsmark.***




ALTIBOX LEVERES AV

Sjekk om du kan få fiber og bestill på
**www.haugnett.no**

HAUGALAND KRAFT

# Helsa di – ditt ansvar?

Jan Schille

Kven har ansvar for helsa di? Du? Det er du som må velga og gjera det som er bra for di helsa. Men andre då? Ta fastlegen din for eksempel, har ikkje ho eit ansvar for å sei ifrå når du spele hasard med helsa di kanskje? Eller sjukehuset, når du treng ein operasjon? Det er mange som skal vere med og arbeide for helsa di.

Kva med guttungen din på fem eller jentungen på ti år? Kven har ansvar for helsa deira? Dei sjølv? Du som forelder? Skulen? Ja, kva tenker du? Vi lærer borna våre å ta ansvar for helsa si – vi lærer dei å kle seg, å pusse tenna, vi lærer dei å vaske seg og halde seg reine. Vi lærer dei kva som er sunt å ete. Kanskje vi lærer dei gleda med å bruke kroppen. Skulen gjer ein liknande jobb. Skulen gjev det nyfikne bornet det mest kraftfulle verktyet som finst – bokstavar og ord. Skulen gjev bornet kunnskap og kanskje lysta til å lære meir – om helse og meir til. Men kva med SFO? Idrettslaget? Naboen? Besteforeldra? Kommunen? Har dei eit ansvar? Har dei eit ansvar for helsa di eller for helsa til ungane dine?

No har eg stilt deg kjære lesar mange spørsmål. Heng du enno med? Eg spør deg desse spørsmåla avdi eg gjerne vil at du skal tenke litt på kva det er som skal til for at eit friskt og raskt born – ditt born til dømes – vert eit vaksent menneske med god helse?

Vi talar ofte om ansvar. Ansvar er ordet ein brukar med myndig stemme for å få nokon andre til å gjere noko. «Det er ditt ansvar» seier sjefen din til deg når du helst vil gjere noko anna.. «Det er ditt ansvar» seier du til læraren når eit born bråkar og øydelegg for jentungen din og resten av klassen. «Du må ta ansvar og ordne opp i dette» seier du i butikken når noko ikkje er som det skal vere. Best er det sjølv å kunne plassere ansvaret klart og tydeleg ein plass. Då har du gjort ditt og har nokon å skulde på når det ikkje vert slik du vil ha det.



I fall fleire har ansvaret? Det vert lettare for deg når sjefen mase - «det er teknisk sitt ansvar» seier du til sjefen med tyngde. For du syns dei har meir ansvar for oppgåva enn deg. Men når læraren svarar tilbake at også foreldra har eit ansvar for korleis bornet ter seg? Då kan vi prøve å spele svarteper. For det er vel forsøket verdt å prøve å sleppe unna? Men der det vert spelt svarteper vert det ikkje gjort mykje matnyttig. Vi kan og prøve ansvarspulverisering. Ansvar så tynt smørt utover at det forsvinn som dugg for sola. Då vert det heller ikkje gjort mykje matnyttig.

Du likar kanskje ikkje svarteperspel? Eller oppgåver som må løysast der ansvaret for dette forsvinn i lause lufta? Er det ikkje betre å arbeide ein plass der du veit at den andre avdelinga hjelper til og tek eit tak ilag med deg heilt utan sjefen sin peikefinger og tale om ansvar? Er det ikkje betre å leve ein plass der ting vert gjort istadenfor å sende svarteper fram og attende. Og hadde det ikkje vore fint å bu ein plass der vi alle gjer ein innsats for kvarandre si helsa?

Vi lærer borna våre å halde for munnen når dei hostar. Vi lærer dei dette av omsyn til andre si helsa, ikkje deira eiga. Klarar vi med liv og lære å vise borna våre at denne tanken ikkje treng å stoppe som hostinga i armkroken? For å sei det med ein gamal amerikanar – ikkje spør kva andre skal gjere for helsa di, spør kva du kan gjere for andre si helsa! Ikkje kast vekk tid på «ansvar» med svarteperspel eller pulverisering. Still opp, vis borna dine kva samfunn du vil ha! Vil du at det skal vere eit idrettslag på Bokn so må nokon stille opp. Gå fram, ta ansvar, ikkje sitt stille og vent på at ildsjelen enno ein gong melder seg for noko du lett kan gjere. Meld deg sjølv om borna dine er for gamle for idrettslaget. Du hostar i handa eller i armkroken sjølv om du sitt på bussen med berre framande? Kor mykje burde ein vel då ikkje gjere for helsa til dei du kjenner. For lokalsamfunnet ditt, borna dine, vennar, familie og naboar? Engasjer deg!

**Henriette Lindanger – helsesøster**
**Anne E. Askeland – folkehelsekoordinator**
**Jan Schille - lege**

# Kulturmidlar 2014

Jardar Havikbotn

**Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.**

**Samtlege som mottok støtte i fjor har fått tilsendt søknadsskjema. Søknadsskjema kan også lastast ned på bokn.no.**

Nye søkjarar kan få søknadsskjema i Servicetorget på Boknatun.

Dei som søkjer for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-

Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2013 og budsjett for 2014 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2014, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllast for å få stønad.

**§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak**

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjaren som formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.

**Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.**

**Årets pott er på kr. 150.000 og kulturmidlane for 2014 blir fordelte av formannskapet.**

**Søknadsfrist 20. september**

# Boka «Kyrkja mi»

Jan Magne Moi

Kyrkjelyden har fått laga ei flott lita bok som er tenkt som gåve til alle små i Bokn. Ho er tenkt å bli delt ut det året borna vert to år. Boka er ein del av kyrkjelyden si oppfølging av dåpen, men ein ønskjer også å gje tilbod om boka til dei som ikkje er døypte.

Kyrkjelydane i Tysvær har allereie hatt slik bok i nokre år. No har Bokn fått slik bok og den blei veldig fin!

Fleire bedrifter har støtta med sponsormidlar. Me er svært takksame til Grieg Seafood Rogaland AS, Nibe AS, Hårsmia, Bokn Eigedom AS, Tåganes Eigedom AS og Odd Grønnestad for støtte til bokprosjektet.

I haust vil dei som er mellom tre og fem år få «Kyrkja mi» ved eigne årskull-markeringar.




MILK er eit minileiarkurs for fjorårskonfirmantar, men eldre ungdommar kan også gjerne vere med! Har du lyst til å vere leiar på arrangement for born og unge i kyrkja vår? På kurset tar me for oss tema som handlar om å utvikle seg som leiar.

Me har 5 samlingar, week-end og praksis i kyrkjelyden. Ved fullført kurs får deltakarane kursbevis som det kan vere fint å legge ved CV-en når ein søkjer jobb.

**Påmelding til kateket Marit Sofie Teistedal Vikre. Tlf: 481 35 457»**

**Aktuelle datoar: 14.10 - 04.11 - 11.11 - 18.11**




# BABYSONG

**Velkommen til babysong på Tysvær Soknehus!**
**Mor og/eller far med barn i alderen 0-12 mnd**
**er velkommen til trivelege samlingar sju torsdagar framover, kl. 10.00 -12.00**

**Datoar for hausten 2014:**

**25.september**
**2.oktober**
**16.oktober**
**30.oktober**
**6.november**
**13.november**
**20.november**

**Vi syng og leikar med barna i 30 – 45 min.**
**Etter songstunda kosar vi oss med mat og prat.**
**Ta med matpakke. Kaffi og te har vi på Soknehuset.**

**Er du redd for at du ikkje syng fint nok? På babysong har det ingenting å seie!**

**Vi syng med dei stemmene vi har, og hugs:**
**"For barnet ditt finnest det ingen stemme i verda som er viktigare enn din!"**
**På babysong ønskjer vi at barnet skal få ei god oppleving av**
**tryggleik og nærleik til foreldra.**

**Dette er eit "drop-in" tilbod, så vi har ikkje påmelding.**
Ta med: Matpakke, eit lite teppe til barnet og 10 kr til å dekke utgifter.

**Babysong er eit ledd i trusopplæringa "Kyrkjenær", som er kyrkja sitt opplæringsprogram for dei som er døypte.**
**Me ønskjer at alle døypte deltar på babysong.**

**Velkommen!**

**Mvh Marit Sofie Teistedal Vikre**
**Kateket Tysvær og Bokn**

Kan de ikkje komme p.g.a. større barn? Ta kontakt, så finn vi ei praktisk løysing for storebror/storesyster. (Tlf: 481 35 457)

kyrkje nær I TYSVÆR

Kyrkja i Tysvær
postboks 30
5575 Aksdal
telefon sentralbord
52 75 77 00
faks 52 75 77 10
e-post:
kyrkja@tysver.kommune.no
www.tysvaerkirken.no

Trovåg
Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no

### *Hjarteleg takk*

*for deltakinga og blomsterhelsingar ved min min kjære mann og vår snille far, Bjarne A Våge, si gravferd.*

*Stor takk også til sjukeheimen for god pleie.*

*Familien*

### *Hjertelig takk*

*for all deltagelse og omtanke ved vår kjære Marie Dirdal sin bortgang.*

*Familien*

**Prøv ein annonse i**

**Bokn Bygdablad.**





# Friluftsdag på Bokn

## Sundag 31. august kl. 12.00-15.00

## Oppmøte på idrettsplassen

Kom deg ut; få frisk luft, mosjon og litt nyttig kunnskap om lokalsamfunnet på Bokn!
I tillegg får du muligheten til å slå av ein drøs med kjentfolk. Det vert også i år anledning til å kjøpa varm mat (m.m) i kiosken.
Gratis for alle, og alle er med i trekning av premiar.

***Program:***

1100 – 1200 Gudsteneste

1200 – 1400 Start og påmelding.
Tur rundt turstien med postar. NB Geopostar for dei som vil prøve det.

1200 – 1500 Speideraktivitetar på idrettsplassen.

1230 – 1500 Open kyrkje

1200 – 1500 Kiosk. Sal av hamburgarar, pølser, kaffi og kaker.

1330 Boccia-turnering, med kåring av Boknameister.

1430 – 1500 Utetrening med Anette Våga

1500 Avslutning og trekning av premier

## Velkommen til friluftsdagen 2014!

## KFL bil og utleige

| | |
|---|---|
| Utleige av stillas frå | 500 kr. pr.v. |
| Utvendig lakkrens av bil | frå 2.500 kr. |
| Innvendig reingjering | frå 500 kr. |
| Skinnpleie | frå 500 kr. |
| Desinfisering av klimaanl. | 500 kr. |

**Utleige av minigravar 2500 kg**

| | |
|---|---|
| Pris døgn | 1.000 kr. + mva |
| Pris veke | 5.000 kr. + mva |
| Pris pusseskuffe | 150 kr. + mva |
| 3.500 hengar, døgn | 400 kr. + mva |

**Kjell Frode 907 83 797**
**John Magne 909 24 964**
**Epost: kjellfrode75@hotmail.com**

## NEDREBØ
**MASKIN & TRANSPORT**

- **Salg og leveranse av singel og veigrus**
- **Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel**
- **Opplasting og bortkjøring av løsmasser**

**Telefon: 94 98 63 64**

## Bokn hjelper Ukraina

Me har flytta. Nå skal me halda til på hjørnet til Coop Marked Bokn.

Kjem tilbake til opningstider - følg med!

Helsing
Elisabet & Annette



## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
909 24 964
Kjell Frode Lie
907 83 797

## Møteplanar, kommunale styre og utval

**Bokn kommunestyre**

| | | |
|---|---|---|
| 07.10 | kl. 19.00 | (Boknatun, 2. etasje) |
| 16.12 | kl. 19.00 | (Boknatun, 2. etasje) |

**Bokn formannskap**

| | | |
|---|---|---|
| 09.09/19. og 20.11 | | |
| Budsjettkonf. | kl. 17.00 | (Boknatun, 1. etasje) |
| 02.12 | kl. 17.00 | (Boknatun, 1. etasje) |

**Bokn forvaltningsstyre**

| | | |
|---|---|---|
| 27.08 | kl. 19.00 | (Boknatun, 1. etasje) |
| 22.10 | kl. 19.00 | (Boknatun, 1. etasje) |
| 03.12 | kl. 19.00 | (Boknatun, 1. etasje) |

**Bokn kontrollutval**

| | | |
|---|---|---|
| 04.09 | kl. 18.00 | (Boknatun, 2. etasje) |
| 13.11 | kl. 18.00 | (Boknatun, 2. etasje) |

**Bokn sokneråd**

| | | |
|---|---|---|
| 02.10 | kl. 19.00 | (Bedehuset) |
| 30.10 | kl. 19.30 | (Bedehuset) |
| 25.11 | kl. 19.00 | (Bedehuset) |

## Bokn Bygdablad

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skule-elevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

**Bygdabladnemnd**
Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland

**Gjeldande annonseprisar**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 2.000,- |
| Halvside | kr. 1.000,- |
| Kvartside | kr. 500,- |
| 1/8 side | kr. 250,- |
| Privatann. | kr. 100,- |
| Nettannonse | kr. 100,- |
| Fastannonse | etter avtale |

**Foto, omslag:**
Stephan Haram

## PLUGGEN MOTORKLUBB BOKN

Treninger hver torsdag kl. 17.30 - 19.30 og hver lørdag kl 14 - 16.

Alle er velkommen fra fylte 5 år med ledsager over 18 år.

13. september har vi løp, Rogalandsrunde.

## Næringsliv







Nye spennende farger som kommer nå til høsten.

Åpent alle hverdager.

Velkommen!





## Div. tenester

**DAGSENTERET**

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivitør**

**NAV BOKN**

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

**Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33**

**Bengt Krystad - leiar**

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

**Me kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

**BOKN TANNKLINIKK**

**Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10**
**Tlf. 52 75 25 80**

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

**LANDBRUKSKONTORET**

Det er slutt på kontordag på Boknatun.

Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

**BOKN FOTTERAPI**

Heimelokale, Øyren 16

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

## Bokn legevakt: 52 74 85 22

**BOKN LEGEKONTOR**

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

**Jan Schille - lege**

**PSYKISK HELSETENESTE**

Kontortid mellom kl. 08.00 – **15.30** alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

E-postar:
**henriette.lindanger**@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

**HELSESØSTER**

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

**JORDMORTENESTA**

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

**Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61**

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**


Annonsér i Bokn Bygdablad

A-Blad
Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Statens vegvesen

# Varsel om utvidelse av reguleringsplanområde

**E39 Rogfast, Laupland–Knarholmen** vegvesen.no

Statens vegvesen varslet i februar 2014 oppstart av reguleringsplan og høring av planprogram for E39 Rogfast mellom Laupland og Knarholmen i Bokn kommune.

Ved behandlingen av planprogrammet i juni 2014 bad Bokn kommune om at planområdet sør for Knarholmen ble utvidet for å kunne få plass til midlertidig lagring og håndtering av steinmasser fra tunnelen under Boknafjorden. Statens vegvesen varsler herved om utvidelse av planområdet.

Har du spørsmål om planarbeidet, kontakt Bjørn Åmdal tlf. 950 33 506, eller e-post bjorn.amdal@vegvesen.no

For mer informasjon om prosjektet se vegvesen.no/europaveg/e39rogfast

